



Til dei vidaregåande skulane ved rektor

Dato: 13.06.2014

Vår ref.: 2014/12931-3

Saksbehandlar: metdal1

Dykkar ref.:

Ny arbeidsavtale - sentralt og lokalt avtalenivå og krav til arbeidsplass

Det er forhandla fram hovudtariffavtale og sentral forbundsvise særavtale (SF 2213) for undervisningspersonalet i kommunal og fylkeskommunal grunnopplæring. Meklingsresultatet er no ute til røysting hjå medlemmane i LO kommune, Unio, YS kommune og Akademikerne kommune med frist 18. juni 2014. Med den uvissa som rår med tanke på røystingsresultatet, og dermed også om føreliggjande avtale faktisk blir den endelige, er det viktig å ikke leggje fast lokale prinsipp for arbeidstid som kan skape unaudsint tvist i ettertid. **Det må ikke leggjast avtaleliknande bindingar på arbeidsåret før det kjem signal om at det er opna for dette.** Det er fylkesdirektøren som styrer denne prosessen.

SFS 2213 og den rettleiarens som er utarbeidd av KS, peikar særleg på eitt punkt der det er stilt krav til korleis avtaleforholdet skal forankrast i den enkelte kommune/fylkeskommune:

Lengda på arbeidsåret for lærarane (punkt 3)

Lengda på arbeidsåret for lærarane, kor mange dagar årsverket skal fordelast på, skal fastsetjast etter forhandlingar lokalt. I vårt tilfelle er det fylkeskommunen, etter drøftingar med dei hovudtillitsvalde, som avgjer om lokalt avtalenivå betyr sentralt for heile fylkeskommunen eller lokalt på den enkelte skule. Fylkesdirektøren vil gå til desse drøftingane med det utgangspunktet at lengda på arbeidsåret til lærarane skal fastsetjast sentralt. Det same gjeld fastsetjing av skuleåret til elevane, der opplæringsloven §§ 2-2 og 3-2 seier at skuleåret blir fastsett i forskrift.

Krav til arbeidsplassen

Avtalens punkt 4.1 seier mellom anna dette:

«I utgangspunktet utfører lærerne arbeidet på skolen med 7,5 timer pr. dag. Dette forutsetter at de fysiske arbeidsforholdene er tilfredsstillende med hensyn til arbeidsplasser og nødvendige hjelpeemidler». Fylkesdirektøren har starta eit arbeid som tek sikte på å avklare korleis denne ordlyden skal forståast og praktiserast og kvar det eventuelt kan vere naudsint å gjere unntak frå dette punktet i avtalen. Fylkesdirektøren tek sikte på at rektorane ved den enkelte skule skal gjere ei vurdering av situasjonen. HMT er oppmoda om å yte hjelp til ein rettleiar for vurderingsarbeidet.

Ein viktig intensjon med ny arbeidstidsavtale er god bruk av arbeidsåret til beste for elevane og for å sikre tid til planlegging, samarbeid og kompetansebygging på den enkelte skule.
Fylkesdirektøren ber med dette om at ingen rektorar drøftar eller fastset rammer for arbeidsåret til lærarane og skuleåret til elevane som bryt med denne intensjonen.

Vennleg helsing

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.